



Weglo-Design

Dato: 30.06.2015

Vår ref.: 2015/5824-4

Saksbehandlar: HANVIE\_

Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av planarbeid Eikanger, Eidsnesstraumen - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 06.06.2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Eikanger, Eidsnesstraumen gnr. 2012, brn. 41, 32, 57 m.fl. Hovudføremålet med reguleringa er bustadar og LNF. Føremålet er i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustader og LNF føremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Strandsone
- Universell utforming

### Meir om areal- og transport

Regional Transportplan for Hordaland (RTP) konkretiserer dei nasjonale måla om ny reisemiddelfordeling og nullvekst i privatbilismen for Bergensområdet. Bergensområdet er her definert som Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Lindås, Radøy, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. For å oppnå mål om at auka persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport må ny arealbruk og transport planleggjast i høve til kvarandre. Nye bustader må lokaliserast i nærleik til definerte senter og kollektivstopp med frekvent tilbod. Gang- og sykkeltilkomst til senter, skule og busstopp må vere trafikksikker.

### Meir om strandsone og friluftsliv

Planområdet ligg i strandsona og grensar til Eikangervågen som er registrert som eit regionalt friluftsområde med viktige strandsoneverdiar. Strandsona er ein avgrensa ressurs der ein må ha særleg omsyn til ålmenn tilgjenge. Hordaland fylkeskommune ber om at ein har omsyn til dette i prosessen vidare.

### Barn og unges interesser

Planlegginga skal ha omsyn til barn og unges interesser og sikre gode og trygge oppvekstvilkår. Ved utbygging av bustader er det viktig at uteoppholdsareal og areal til leik vert sikra. Areala må være store nok og egne seg for leik og opphold, for barn i ulike aldersgrupper og ulike årstider. Vi ber om at ein har omsyn til dette i prosessen vidare og ber om at tema som til dømes skuleveg og uteområde for barn og unge vært skildra i planomtalen.

### Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. Ut frå potensiale for funn av forhistoriske kulturminne i dette området, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarlegge spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa vil verte gjort så raskt som råd.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, landskap, kulturminne, samferdsel, strandsone og universell utforming

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecilia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga